

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 194/2024

2024/EØS/92/13

av 23. september 2024

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv (EU) 2023/1438 av 10. juli 2023 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF med omsyn til protokollane for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om plantesanitære tilhøve. Føresegner om plantesanitære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel III nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) i vedlegg I til EØS-avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32023 L 1438:** Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv (EU) 2023/1438 av 10. juli 2023 (EUT L 176 av 11.7.2023, s. 17).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsdirektiv (EU) 2023/1438 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 23. september 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

⁽¹⁾ TEU L 176 av 11.7.2023, s. 17.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.